

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
070/23	Formannskapet	PS	06.09.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Aadland	23/900

## Utgreiing om pensjonsordning fra KLP

### Vedlegg:

Osterøy administrasjonsutvalg 29 mars 2023

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Etter ei samla vurdering frå Administrasjonsutvalet blir det ikkje jobba vidare med saksutgreiing av konkurranseutsetjing av pensjonsordninga.

### Formannskapet - 070/23

#### FS - behandling:

#### AVRØYSTING:

Innstillinga frå administrasjonsutvalet vert samråystes vedteke

#### FS - vedtak:

Etter ei samla vurdering frå Administrasjonsutvalet og formannskapet blir det ikkje jobba vidare med saksutgreiing av konkurranseutsetjing av pensjonsordninga.

#### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Heradsstyret gjorde følgjande vedtak i sak 106/22 "Tenestepensjon er det største einskildinnkjøpet til Osterøy kommune. Det er konkurranse i tenestepensjonsmarknaden og Osterøy bør difor gjennomføre ein prosess for å finna ut om me har den beste leverandøren etter ei samla vurdering av pris og kvalitet i ein profesjonell prosess. Tilsette sine rettar og ytelsar er tariffesta, og identisk uavhengig av leverandør. Dei tilsette sine organisasjonar skal involverast i saksutgreiinga i henhold til tarifavtala og AML. Det skal haldast drøftingsmøter med dei tilsette sine organisasjonar. Rådmannen får fullmakt til å organisere og gjennomføra ein prosess for den kommunale tenestepensjonsordninga i 2023, slik at eit eventuelt skifte av leverandør kan skje frå 01.01.2024. Endleg framlegg til vedtak om val av tenestepensjonsleverandør skal leggast fram til heradsstyret seinast i løpet av oktober 2023."

#### Vurdering

Rådmann har invitert Osterøy kommune sine kontaktperson i noverande pensjonskasse KLP for ei orientering og presentasjon til Administrasjonsutvalet (ADMU) om korleis pensjonsordninga er sett saman, samt kva moglegheiter det er for å redusere utgiftene til pensjon. Orienteringa skjedde onsdag 29.03.2023. Presentasjonen er lagt ved saka.

Representantar frå arbeidstakarorganisasjonane er representert i ADMU med Fagforbundet, Utanningsforbundet og Norsk sjukepleiarforbund.

«SGS 2020 pensjonsordningar» regulerer pensjonsordninga for tilsette sysselsett i norske kommunar som er omfatta av KS området. Osterøy kommune er ein del av KS området. Det er hovudtariffavtalen sine føringar som regulerer pensjonskostnaden/premier til pensjon og vil vere lik uavhengig av pensjonsleverandør. Kostnad til administrasjon og bufferkapital kan variere mellom pensjonsselskapa og er den delen som vil skilje pensjonsleverandørane ved konkurranseutsetjing. Osterøy betaler i dag om lag 1,4 millionar i administrasjonskostnad/forvaltningsgebyr. Dersom kommunen skulle velje å redusere bufferkapitalen i KLP eller annan pensjonsleverandør, til mindre kapital har kommunen å få avkastning på. Ei større del av pensjonsforpliktelsene må derfor bli dekka over driftsbudsjettet til kommunen i åra der avkastninga er låg.

Tilsette i kommunen har ulike pensjonsordningar og pensjonskassar.

Sjukepleiarar i kommunal sektor har rett til å være del av KLP med unntak av sjukepleiarar i Oslo kommune. Tilsvarande har undervisningspersonale i offentleg sektor rett til å vere del av Statens pensjonskasse. Det vil sei at det er pensjonsordninga for dei resterande tilsettgruppene som kan konkurranseutsetjast. Det er rådmannen sin vurdering at den resterande tilsettgruppa er for liten til å konkurranseutsetjast i eit eige pensjonsselskap.

### **Konklusjon**

Det rådmannen sin vurdering at det primært er forvaltningsgebyret som kommunen kan påverke i ein anbodsprosess. Sjukepleiarar har ei lovfesta rett til å ha pensjonsordninga i KLP. Undervisningspersonale har ei tilsvarande tariffesta rett til å vere innmeldt i SPK. Dersom organisasjonen tek bort tilsette som har ei lovfesta rett til å vere del av enten KLP eller SPK vil eit nytt pensjonsselskap berre gjelde for deler av dei tilsette. Summen av forvaltningsgebyret blir så liten at det er rådmannen sin vurdering at det ikkje er verdt arbeidet med vidare utgreiing av saka.

Etter si samla vurdering frå ADMU blir det ikkje jobba vidare med saksutgreiing av konkurranseutsetjing av pensjonsordninga.